

Saksprotokoll

Utgreiing barnehage- og skulestruktur

Arkivsak-dok. 18/00293
Saksbehandler Eldgrim Springgard

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sektorutval for kultur og oppvekst	20.02.2018	4/18
2 Formannskapet	05.03.2018	18/18

Formannskapet har behandla saka i møte 05.03.2018 sak 18/18

Behandling

Framlegg frå Anne Vetteren Grøthe (Sp):

1. Tillegg til punkt 3: «knytt til rapporten»
2. Nytt punkt 4: Utgreiinga skal og innehalde eit alternativ med fådelte skular og vurdering av kringsgrenser.
3. Eit ekstra medlem inn i arbeidsgruppa frå grendeskulane.
4. Rådmannsteam vert sett ned som arbeidsgruppe med formannskapet som styringsgruppe, for å halde fram med arbeidet etter å sjå etter moglege innsparingar i resten av den kommunale drifta.
Resultatet av arbeidet skal føreliggje kommunestyret likt med rapporten om barnehage- og skulestruktur.

Votering

Rådmannen sitt framlegg til punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Anne Vetteren Grøthe (Sp):

Punkt 1: Framlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2: Framlegget fekk 3 røyster (1 Ap, 2 Sp) og fall

Punkt 3: Framlegget fekk 2 røyster (2 Sp) og fall.

Punkt 4: Framlegget fekk 2 røyster (2 Sp) og fall.

Vedtak

1. Formannskapet gir rådmannen i oppgåve å greie ut framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål kommune.
2. Utgreiinga skal vurdere både pedagogiske, økonomiske og samfunnsmessige perspektiv.
3. Formannskapet løyver inntil kr. 200.000 til eksternt konsulentkjøp knytt til rapporten.